



MØTEPROTOKOLL

Utval: Arbeidsmiljøutvalet
Møtedato: 20.05.2019
Møtetid: Kl. 13:00 - 15:00
Møtestad: Samnangerheimen

Av 6 medlemmer møtte 6, inkludert varamedlemmer.

| Medlemmer møtte: | Parti: |
|-------------------------|-----------------|
| Charlotte Hageberg | Rådmann |
| Åse Waage Tveit | Hovudverneombod |
| Oddrun Lemme Sandvin | FF |
| Arild Røen | H |
| Øyvind Røen | SP |
| Hilde Maraas Aarvik | UF |

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Anette Følid, leiar løn og personal
- Vegard Kolve, Bedriftshelse1

| | |
|----------------------|-----------------|
| Møteleiar: | Åse Waage Tveit |
| Møtesekretær: | Anette Følid |

Underskrift frå utvalseiar og møtesekretær:

Tysse, <dato>

Åse Waage Tveit
utvalseiar

Anette Følid
leiar løn og personal

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

| Sak nr. | Arkivsak | Sakstittel | Merknad |
|----------------|-----------------|------------------------|----------------|
| 004/2019 | 19/454 | Faste saker | |
| 005/2019 | 19/181 | Godkjent HMS-plan 2019 | |

SAKNR. 004/2019: Faste saker

20.05.2019 Arbeidsmiljøutvalet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Det var ingen merknader til protokollen frå førre møte.

Orienteringssaker:

Sjukefråvær, 1. kvartal 19

Rådmann Charlotte Hageberg informerte:

- Sjukefråværet har gått litt opp frå 1. kvartal 2018, frå 9 % i 2018 til 9,13 % i 2019.
- Vegard Kolve frå Bedriftshelse1 lurer på kva Samnangerheimen har gjort for å redusera sjukefråværet. Rådmannen informera om at einingsleiar på Samnangerheimen har fokus på sjukefråvær til ei kvar tid, har god dialog med dei tilsette, det er openheit og moglegheit for tilrettelegging for tilsette som treng det.
- Vart snakka kort om einingsleiar på Samnangerheimen skal vera med på leiarforum og snakka om sine erfaringar rundt sjukefråværsarbeidet.

| 1. KVARTAL | | | |
|-------------|----------------|---------------|--------------------|
| | Under 16 dagar | Over 16 dagar | Totalt sjukefråvær |
| 2017 | 2,51 % | 6,74 % | 9,25 % |
| 2018 | 1,91 % | 7,09 % | 9,00 % |
| 2019 | 2,65 % | 6,47 % | 9,13 % |

Avvik - status

Rådmann Charlotte Hageberg informerte:

Det elektroniske avvikssystemet er dessverre ikkje oppe å går enno. Det har vore slik sidan overgangen til IKT NH i byrjinga av april. Håpet er at systemet er på plass att ila juni måned. Avvik vert levert på papir inntil vidare.

Det er framleis mest avvik i sektor for helse og omsorg. Jamt over vert det skrive for lite avvik i kommunen.

- Samnangerheim - 9 avvik. Avvika gjeld hovudsakleg vold og trugslar, dette er aukande. Det er mange krevande passientar og bemanninga er auka.
- Heimesjukepleien - 4 avvik. Gjeld medisinerings.
- Funksjonshemma - 1 avvik.

Bedriftshelseteneste - ny avtale 2020

Rådmann Charlotte Hageberg informerte:

Me har no mellombels avtale med Beriftshelse1 ut 2019. Kommunen er nøgd med Bedriftshelse1 og den jobben dei gjer og den hjelpa me får.

Før avtalen går ut i 2019 vil kommunen forespørja 3 bedrifter for ny avtale i 2020.

Organisasjonsendring - status

Rådmann Charlotte Hageberg informerte:

Det vil koma sak til formannskapsmøtet 23.05.19 om å fjerna sektorleiarnivået, og erstatta stillingane med rådgjevarar. Rådgjevarane skal ikkje ha personal- eller økonomiansvar, kun fag. Rådgjevar Jan Erik Boge vil vera leiar for rådgjevargruppa. Det er tilsett ein ny rådgjevar, Pål Strand, han er jurist og byrja 10.06.19.

I dag er det lagt ut utlysning på rådgjevar for oppvekst. Rådgjevar for helse og omsorg er vakant i 2019, men det ligg midlar til stillinga i budsjettet for 2020. Mogleg det må tilsettast rådgjevar for helse og omsorg i 2019, dette vil rådmannen snakka med einingsleiarane i heimetenesta og på heimen om.

Einingsleiarane skal rapportera direkte til rådmann og assisterande rådmann, som vil fordela einingane mellom seg.

Konfliktsak - status

Rådmann Charlotte Hageberg informerte:

Det er ein arbeidsmiljøutfordring på barneskulen. Rådmann og assisterande rådmann har vore i møte med advokat og venta no på avklaring. Håpar dette ikkje tek for lang tid då barneskulen har behov for avklaring innan nytt skuleår byrja.

Utvalet sitt kvarter:

Sak frå utvalets kvart på administrasjonsutvalsmøtet 16.05.19

Rådmann Charlotte Hageberg informerte om administrasjonsutvalets møte. Ein uttale frå ein av medlemmane der løn- og personalkontoret vart omtala som "nazi-kontor". Bakgrunnen til dette er ein e-post som vart sendt ut frå kontoret, med informasjon om fristar for innlevering av sjukemelding etter folketrygdlova.

Leiar på løn- og personal, Anette Følid, var tilstades på møtet 16.05.19. Dei to tilsette på kontoret tek dette alvorleg og har ikkje hatt ein god dag på jobb i dag. Saka vert omtala i Samningen torsdag 23.05.19.

Løn- og personalkontoret vert oppfordra til å informera litt meir i e-postar som vert sendt ut til dei tilsette.

Arbeidsmiljøutvalet ønsker å sjå nærmare på kommunen sine etiske retningslinjer.

Barnehagane - arbeidsmiljø

Rådmann Charlotte Hageberg er bekymra for arbeidsmiljøet i barnehagane, både med tanke på sjukefråværet, men og etter uttalen frå ein barnehagetilsett i administrasjonsutvalet. Prosjektgruppa i KLP-prosjektet må sjå nærmare på dette, rådmannen ønsker å vera med.

KLP-prosjektet i barnehagane

Løn- og personaleleiar, Anette Følid, informerte om prosjektet og siste status. Prosjektet er no halvvegs og resultatata er ikkje som forventa. Sjukefråværet har ikkje gått ned slik som me hadde håpa.

Det kom fram ein del negative utsagn om prosjektet i administrasjonsutvalsmøtet 16.05.19 og prosjektleiar, Anne Marie Nyheim, er usikker på framtida for prosjektet. Me må tenka nytt for å

kunne fortsetta.

Mykje er blitt gjort, men resultatane uteblir og me må samlast for å finna ut korleis me skal jobba vidare. Rådmannen vil at prosjektet skal fortsetta.

Vegard Kolve frå Bedriftshelse1 anbefala at me ser på Stami si nettsida, dei har jobba med arbeidsmiljø i barnehage. "En bra dag på jobb", kanskje me kan henta inspirasjon og informasjon derifrå.

AMU- 004/2019 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerede vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerede vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 005/2019: Godkjent HMS-plan 2019

20.05.2019 Arbeidsmiljøutvalet:

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis orienterte løn- og personalleiar, Anette Følid, kort om lokale HMS-planar i alle einingane, møter som er avholdt med einingsleiarar, verneombod og kontaktperson i Bedriftshelse1, Vegard Kolve, og om frist for innlevering av lokale HMS-planar.

Ho orienterte også om det er laga mal for dei lokale HMS-planane slik at alle einingar jobba med same dokument. I malen står dei overordna måla kommunen har satt for 2019.

Det er og sendt ut skjema for risikokartlegging og eige skjema for eksponering av kjemikalier for aktuelle einingar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AMU- 005/2019 Vedtak:

Overordna HMS-plan 2019 for Samnanger kommune vert vedteken.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Overordna HMS-plan 2019 for Samnanger kommune vert vedteken.